



**Suldal  
kommune**

# **Framlegg til Planprogram Suldal kommune**

**Kommuneplan 2020-2030**

**- samfunnsdel og arealdel**

**Endeleg vedtatt i kommunestyret 23.02.21**



# Innhold

1.Føremål med planarbeidet.....	3
2. Rammer og føringar.....	4
2.1 Nasjonale føringar: .....	4
Nasjonale forventningar .....	4
Statlege planretningslinjer .....	5
2.2 Regionale føringar: .....	5
2.3 Kommunale planar og føringar: .....	6
3. Kommuneplanens samfunnsdel.....	7
4. Kommuneplanens arealdel .....	14
5. Planprosessen .....	18

# 1. Formål med planarbeidet

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument. Den gir rammer og retning for kommunen si planlegging og utvikling framover, med vekt på samfunns-, teneste-, og arealutvikling.

Kommuneplanen består av ein *samfunnsdel* og ein *arealdel*. Samfunnsdelen skal peike på langsiktige utfordringar, mål og strategiar for Suldals samfunnet, men og for Suldal kommune som organisasjon. Viktige strategiske val skal synleggjerast. Arealdelen skal vise samanhangen mellom samfunnsutviklinga og arealbruken framover. Den skal gje rammer for kva ein vil prioritera og visa kva omsyn ein må ta ved dei ulike arealdisponeringane.

Kommuneplanen skal og ha ein *handlingsdel*. I Suldal utgjer dei fireårige økonomiplanane, saman med årsbudsjettet, kommuneplanen sin handlingsdel. Desse er då bygd på mål og strategiar som er sette opp i kommuneplanen.

Noverande kommuneplan vart vedteken i 2015. I Planstrategi for Suldal kommune 2020 -2024 vart det derfor vedteke at ein ynskte å rullere både kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.

Føremålet med dette planprogrammet er derfor å laga ein plan for korleis ein vil gjennomføre arbeidet med å rullera kommuneplanen. Planprogrammet skal gje informasjon om:

- Føremålet med planarbeidet
- Peike på sentrale tema som må tas med
- Behov for utgreiingar av ulike tema
- Planprosess med fristar og deltakarar
- Opplegg for medverknad

## 2. Rammer og føringar

Planlegging i kommunane skal vere innafør rammene av dei nasjonale og regionale føringane. Dei mest sentrale føringane er:

### 2.1 Nasjonale føringar:

#### Nasjonale forventningar

Kvart 4. år i forkant av kommunevalet mottok kommunane nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for kommande periode. Dei nasjonale forventningane (2019-2023) er godt utgreidd i [Planstrategi for Suldal kommune 2020-2024](#). Hovudpunkta er:

- **Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling**  
FNs bærekraftsmål må ligge til grunn for all regional og kommunal planlegging. Planlegginga skal gje ei tydeleg retning for samfunnsutviklinga. Kommunen har ansvar for at det ligg god kunnskap og kompetanse til grunn for all planlegging. Det ligg og inne mål om auka bruk av digitalisering.



- **Økologisk berekraftig samfunn**  
Gjennom ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning vil ein skapa eit økologisk berekraftig samfunn. Ei god næringsutvikling gir grunnlag for velferd og ein må derfor leggje til rette for at små og mellomstore bedrifter får gode rammevilkår. Skal ein sikre livsgrunnlaget og naturmangfaldet for kommande generasjonar må ein samstundes utvikla

eit samfunn med låge utslepp som er tilpassa eit endra klima. Noreg har og stor natur-, friluftslivs-, landskaps- og kulturminneverdiar som er viktig å ta var på. Dette gjeld ikkje minst i Suldal.

- **Berekraftig areal og transportutvikling**

Av omsyn til arealeffektivitet og reduserte klimagassutslepp meiner regjeringa det er viktig å leggje til rette for utbygging rundt kollektivknutepunkt i byar og tettstader. For Suldal vil dette si å styra den konsentrerte utbygginga til grenda sentra i kommunen.

- **Byar og tettstader der det er godt å bu og leve**

Ein har framleis ei sentralisering mot byar og tettstader i Noreg. Utfordringa ligg i å fortette desse samstundes som det skal vere godt og attraktivt å bu her. Ein skal gjennom god arkitektur og planlegging utvikle gode lokalsamfunn som opplevast som trygge og helsefremjande. Dette gjeld både for barn, ungdom og eldre. God kvalitet på dei fysiske omgjevnadane kan styrke desse måla.

## Statlege planretningslinjer

Statlege planretningslinjer brukas for å konkretisere dei nasjonale forventningane til planlegginga og markere nasjonal politikk på viktige områder. Desse er:

- 2018 Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing
- 2014 Statlege planretningslinjer for samordna bolig-, areal-, og transportplanlegging
- 2011 Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen
- 1995 Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga
- 1994 Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag

## 2.2 Regionale føringar:

Regionale planar skal sjå dei større linjene for heile fylke og vere rådgjevande for kommunal planlegging og verksemd. Dersom dei kommunale planane avvik frå dei regionale kan dette gje innsigelses grunn. Gjeldande planar er:

Areal og samferdsle:

- [Regionalplan for samordna arealbruk og transport i Ryfylke 2017-2030](#)
- [Samferdselsstrategi for Rogaland 2018-2029](#)

Næring:

- [Strategi for bioøkonomi i Rogaland 2018-2030](#)
- [Regionalplan for landbruk i Rogaland 2011](#)
- [Jordvernstrategi for matfylket Rogaland](#)
- [Regionalplan for sjøareal og havbruk 2017-](#)
- [Regionalplan for byggeråstoff i Ryfylke 2013-](#)
- [Nærings- og innovasjonsstrategi for Rogaland \(ny\)](#)

#### Folkehelse og friluftsliv:

- [Regionalplan for folkehelse i Rogaland 2013-2017](#)
- Ute i Rogaland [Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024](#)

#### Naturforvaltning:

- [Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, Heiplanen 2012](#)
- [Regionalplan for vannforvaltning i vannregion Rogaland 2016-2021](#)
- [Fylkesdelplan for kystsona i Rogaland 2002-](#)

#### Energi og klima:

- [Regionalplan for energi og klima i Rogaland 2010-2020](#)
- [Regionalplan for klimatilpassing i Rogaland 2020-2050](#)

#### Kultur:

- [Regional kulturplan for Rogaland 2015-2025](#)



### 2.3 Kommunale planar og føringar:

Planstrategi for Suldal kommune 2020–2024 vart vedteken i kommunestyret 22. februar 2020. Her vart det vedteke kva for planar, reglement, retningslinjer og strategiar som skal rullerast eller lagast nye. Det vart vedteke at både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen skal rullerast.

Planprogrammet vil vidare omhandle denne rulleringa. Revidering av mange av dei mindre planane og retningslinjene er ikkje med her. Unntaket er [Kommunedelplan for klima og energi \(2012-2017\)](#). Denne er no vedteke skal innarbeidast i ny kommuneplan.

### 3. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel er den overordna verktøyet for å styre kva retning Suldal ynskjer å gå framover. Den gjeld for heile samfunnet, men gjeld og for kommunen som organisasjon. Det skal peikast på viktige utfordringar for samfunnsutviklinga, synleggjere kommunens mål og kva for strategiar kommunen vil bruke for å nå måla. Samfunnsdelen skal mellom anna innehalde ein arealstrategi som gir føringar for arealdelen av kommuneplanen.

I planstrategien vert det foreslått å behalde kommunens visjon:



#### «Skattkammeret Suldal: Eksotisk-aktiv- trygg»

Status for Suldal kommune i dag og framskrivingar av m.a. befolkningsutvikling vart grundig behandla i [Planstrategi for Suldal kommune 2020 - 2024](#). Utifrå status, framskrivingar og innspel som kom under arbeidet med planstrategien er det sett opp prioriterte utfordringar for neste kommuneplanperiode:

#### Fleire folk og folk som trivst

Kommunen må få eigne ungdommar tilbake til kommunen og få tilflyttarar til å bli. Like viktig som å få nye folk til kommunen er å gje bulyst til dei som er her for å hindre fråflytting. Byar og tettstader der det er godt og bu og leve er ei av dei nasjonale forventingane.

- **God oppvekst for alle**

Ein trygg og god oppvekst er forutsetninga for at både barn og foreldre trivst. Det kan sjå ut som det blir fleire born som har ekstra utfordringar. Tidleg, tverrfagleg og rett innsats i heile oppvekstløpet blir særst viktig for å gi barna våre meistring og motivasjon til utdanningsløpet og livet som står føre dei. Inkludering og integrering av minoritetsspråklege blir også viktig.

Fleire av skule- og barnehagane i grendene ser ut til å få redusert barnetal, og blir dermed meir sårbare for fagleg utvikling. Ein bør sjå på moglegheiter for å dekke desse behova.

- **Arbeidsmarknad**

Skal ein bu i Suldal treng ein arbeid. Suldal er ein eigen arbeidsmarknad som ligg eit godt stykke frå store befolkningsentra og t.d. flyplass. Det gjeld å skapa arbeidsplassar kor Suldal nyttar dei fortrinna ein har.

- **Rekruttere og behalda kompetanse**

Det vil for fleire tenester bli viktig å skaffa nok og rett kompetanse. Kommune, næringsliv, høgskulane og Sauda VGS må samarbeida. I kommunen må ein ha fokus på rekruttering, og å kunne tilby attraktive heile stillingar med attraktive arbeidsoppgåver. For mange

arbeidsoppgåver blir godt samarbeid med nabokommunar viktig, samt at kommunen er organisert slik at kompetansen blir effektivt nytta.

Det er viktig med stabil og rett legedekning slik at kommunen kan yta gode fastlegetenester og oppretthalda lokal legevakt, som også dekker akuttmedisinsk forskrift sitt krav til kompetanse.

Behovet for tenester i omsorg har endra seg dei siste åra. Kommunen har fått fleire spesialiserte tenester som har trong for høg kompetanse innan helse- og omsorg, kompetanse som er vanskeleg å rekruttera. Det blir viktig å gi tenester på rett nivå, og leggja til rette for at brukarar kan bu lenge heime.

- **God arbeidsgjevarpolitikk i kommunen**

Kommunen er største arbeidsgjevar i Suldal. Det må vera fokus på den kommunale organisasjonen gjennom god arbeidsgjevarpolitikk, leiarutvikling og arbeidsmiljø, og på utfordringar som sjukefråvær og deltidspromblematikk.

- **Mobilisera frivillig innsats**

I Suldal har det frivillige arbeidet i lokalsamfunna alltid vore rikt og vore ei styrke for innbyggjarane. Skal ein ha eit like varmt og inkluderande samfunn framover, med eit like godt og variert tilbod, er det viktig at og kommande generasjonar ser verdien av frivillig arbeid.

- **Auka tal eldre og færre yrkesaktive i arbeid**

Det er ei auke i talet på uføre og det er ei auke i talet på eldre. Dette kan gje utfordringar i å skaffe nok arbeidstakarar i bedrifter og kommunale tenester.

- **Ein kommune med fellesskap og mangfald**

Suldal blir mindre homogent samfunn gjennom at det er aukande tal innbyggjarar som kjem frå andre land. Dette er ein ressurs som må nyttast, og samtidig ei utfordring. Suldal skal vere ein kommune for alle, kor mangfaldet vårt er ei styrke. Det er viktig å arbeida kontinuerleg for å inkludera alle i fellesskapet, enten det er menneske med nedsett funksjonsevne, flyktningar og innvandrarar, etniske eller religiøse minoritetar, og LHBT-personar.

- **God folkehelse for alle**

God helse er grunnsteinen for eit godt liv. Suldal kommune ynskjer at god folkehelse skal vere ein raud tråd gjennom heile arbeidet med ny kommuneplan, slik det er i den noverande.

Ofte er forebyggjande tiltak dei beste, så god tilgang til meningsfulle fritidsaktivitetar er noko kommunen ynskjer å stimulere til. Mellom anna ser ein dei unike tilhøva ein har til å drive friluftsliv og turgåing som viktig for folkehelsa.

Under god oppvekst vert det peika på fleire utfordringar i skulen ein må ta tak i. Her må ein gjennom kommuneplanprosessen jobbe fram strategiar sik at ein kan nå målet om ein god oppvekst for alle.

Sjukefråværet kan og speile folkehelsa. Suldal kommune er ein av dei største arbeidsgivarane i kommunen og må sjå på ulike tiltak for å dempe og snu oppgangen ein ser i sjukefråværet.



Når det gjeld skader og ulykker vil kommunen m.a. halde fram med det gode arbeidet som vart gjort da ein fekk godkjenninga Trafikksikker kommune.

## **Attraktive tettstader:**

Å halde fokus på å utvikle attraktive grender og tettstader blir viktig. Ein må ta tak i særpreget og legge til rette for busetting, sysselsetting og livskvalitet. Ein må ha ein aktiv bustadpolitikk som legg til rette for eit variert bustadtilbod for ulike fasar i livet. Den konsentrerte bustadbygginga i grendene bør ligge i gå avstand til «sentrum».

## **Næring:**

Å skape nye, og halde på dei arbeidsplassane ein har blir viktig i Suldal framover. Da må dei ulike næringane får gode rammer.

- **Næringsutvikling og tilgang på næringsområde**

Det er trong for ei blanding av private og offentlege arbeidsplassar. Utvikling av eksisterande næring og tilgang på ny blir viktig. Kommunen har få og små næringsområde tilgjengeleg. Det er trong for område til bedrifter som startar i det små og ekspanderer, men også til større bedrifter som kan etablere seg i kommunen. Det er viktig at næringsareala er byggjeklare.

- **Landbruket som viktig næring og som sentral for busetnaden**

Landbruk er og har vore ei av dei viktigaste næringane i kommunen, men er utsett for sentrale trendar som er utfordrande. Næringa er og viktig for den desentraliserte busetnaden. Noverande landbruksplan må reviderast. Fylkesrådmannen rår til at denne innarbeidast i den nye kommuneplanen.

Ein må og arbeide med å synleggjera potensiale som ligg i å styrka landbruk og skogbruksnæringa gjennom foredling, lokal bruk og samarbeid med anna næring. Rogaland fylkeskommune har nyleg vedtatt ein nærings- og innovasjonsstrategi. Her er mat, både blå og grøn, eit av satsingsområda.

- **Aktiv skogbruksdrift**

Suldal er ei av dei viktigaste skogbrukskommunane i Rogaland. God drift av skogen vil vere bra for næringa, men og eit viktig bidrag i arbeid for å redusere klimautslepp.

- **Reiselivsnæring**

Suldal bør ha gode forutsetningar for å vidareutvikle naturbasert reiseliv gjennom å spele på natur-, kultur- og lokale mat- opplevingar.

## Samferdsel:

Suldal kommune ligg langt frå dei større befolkningsentra, har rasutsette vegar og har store avstandar i kommunen. Dette gjer at ein har store utfordringar innan samferdselsområdet.

- **Båt- og busstilbod**

Det er viktig med eit godt kollektivtilbod i kommunen, tilbodet må vidareutviklast. Både som ei teneste, men og i eit miljøperspektiv. Hurtigbåtruta er viktig i indre Ryfylke og må oppretthaldast.

- **Rassikring og heving av vegstandard**

Halde trykket oppe for rassikring av RV13. Vegstandard på både riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar må hevast og stå i høve til dagens krav.

- **Gang og sykkelvegar**

Gode gang og sykkelvegar er viktige både i eit folkehelseperspektiv og i eit miljøperspektiv.

## Økonomi:

Inntektene kommunen har frå skattar og konsesjonsordningar knytt til vasskraft er svært utsette og svingande. Kommunen bør til ei kvar tid vera klar for fall i inntekt på 5-10%, det vil seia 24-30 millionar. Kva strategi skal kommunen ha for å møte desse utfordringane?


## God digital standard:

Skal kommunen driva meir effektivt, og kvaliteten på tenestene oppretthaldast, så må kommunen følgja med på digitaliseringsutviklinga. Dette krev kompetanse. Det krev også god infrastruktur, i form av mobildekning og breibandstilbod for alle innbyggjarar. 100 % fiberdekning i kommunen bør vere målet. Dette er og i tråd med dei nasjonale forventingane om auka bruk av digitale verktøy.

## Klima:

Kommunen må ta sitt ansvar for at klimautsleppa blir redusert i tråd med nasjonale mål. Dette kan bety noko for innkjøp og drift. Ny klima og energiplan vert integrert i kommuneplanen.

Utslipp CO2 Suldal i % per kjelde



*I planstrategien for Suldal kommune 2020-2024 ligg det inne ein feil når det gjeld utslepp av CO<sub>2</sub> i Suldal. Den nye statestatikken seier at Suldal samla sett slipp ut 38 000 tonn CO<sub>2</sub> ekvivalentar ( i staden for 80 000). Jordbruk står for 48% av dette utsleppet og sjøfart for 32%.*

Klima blir eit tema ein må jobbe meir med i kommuneplanprosessen. Det er ulike utfordringar. Kommunen må sjå på kor ein kan redusere Co2 utslepp, men og på kor ein kan hindre nye utslepp eller binde meir karbon (arealdisponeringar). Suldal er ein landbrukskommune og ein bør sjå til [Landbrukets klimaplan 2021-2030](#). Her kan kommunen saman med landbruket finne tiltak som kan passe å sette inn i Suldal. Jordbruk og skogbruk spelar ei viktig rolle i binding av CO<sub>2</sub>. Det er viktig å sjå på korleis Suldal med god forvaltning kan bidra positivt i klimaregnskapet.

Kommunen arbeider i desse dagar med å bli sertifisert som Miljøfyrtårn-bedrift. Dette arbeidet bør fullførast gjennom å etablere gode rutinar i kommande planperiode. Ein bør og oppfordra fleire bedrifter i kommunen til å jobba mot dette.

Klimatilpassingar må og bli eit viktig tema i ein ny kommuneplan. Kommuneplanen må vise korleis endring i klima kan påverke m.a. samfunnstryggleik, kritisk infrastruktur, natur- og kulturmiljø, befolkninga si helse, samt føresetnader for næringar. Klimaendringar gir sannsynlegvis fleire mindre jordras og vegar som er meir utsett for stenging. Handtering av overflatevann vil bli ei aukande utfordring, og i verst fall har me bustader som ligg utsett til. Utfordringa blir å lage gode nok rutinar for ROS analyser på all nybygging og kartfeste risikosoner på allereie utbygde areal. Her bør ein sjå til Regionalplan for klimatilpassing i Rogaland 2020-2050. Arbeidet med å rullere ROS- analysane i kommunen er no inne i slutfasen og vil danne eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet med klimatilpassingar.

Statsforvaltaren ynskjer å sjå meir fokus på naturinteresser, spesielt i høve til klimatilpassing og økosystemertenestar i preventiv arealforvaltning.

## Kultur:



Suldal er ein kommune med eit rikt kulturliv og mange kulturminne. Utfordringa er å sikra ei heilskapleg og berekraftig utvikling av kulturfeltet i tråd med andre mål som kommunen har.

Eit blømande kulturliv er tufta på eit godt samarbeid mellom kommunen og profesjonelle kulturaktørar, frivillige eldsjeler, lag og organisasjonar. Kommunen ynskjer å stimulere til at dette arbeidet kan fortsette framover.

Kulturminna i kommunen skal forvaltast etter retningslinjene i [Kulturminneplanen for Suldal kommune](#). Eit aktivt samarbeid med Ryfylkemuseet er viktig for å få ei best mogleg forvaltning av kulturminna i kommunen.

St. meld. 16 (2019-2020) «Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, berekraft og mangfald» peikar på utfordringar i kulturmiljøarbeidet som og gjeld Suldal. Når ein skal utarbeide mål og strategiar for kulturmiljøarbeidet i kommunen må ein ta utgognspunkt i denne og kommunens kulturminneplan.

Rogaland fylkeskommune har no starta arbeidet med ein ny kulturmiljøplan og Suldal kommune deltek aktivt i dette arbeidet.

## Arealstrategi:

Suldal kommune skal føre ei berekraftig arealutvikling. Kommunen skal følgja opp staten sine målsettingar når det gjeld berekraftig arealutvikling og aktivt forvalta natur- og kulturverdiar på ein rett måte.

Dette gjer at ein i samfunnsdelen av kommuneplanen må utarbeide ein god arealstrategi som gjenspeilar dei overordna måla.

Regionalplan for samordna arealbruk og transport i Ryfylke 2017-2030 peikar på:

- Attraktive by- og tettstadsentra som knutepunkt for bustad og næringsetablering.
- Effektiv, sikker og miljøvennleg transport.
- Ta vare på verdifulle natur,- kultur- og landbruksområde

Jordvernstrategi for matfylket Rogaland peikar på at ein må sette klare grenser mot viktige jordbruksområde og setja konkrete krav til fortetting/transformasjon.

Dei siste 5 åra er det bygd ca. 10 bustadhus og ca. 30 fritidsbustader pr. år i Suldal. Folketalet er svakt fallande. Ein har ei svak auke i busetjing på Sand, medan i dei andre grendene er folketalet minkande. I tillegg til dei overordna måla frå stat og fylke, må og arealstrategien til Suldal gjenspegla dei lokale tilhøva og framtidige behov.

Suldal har store områder regulert til LNFR- områder i kommuneplanen og jordvernet skal stå sterkt i kommunen. Ein skal alltid greia ut om det er andre alternativ dersom ein vurderer å nytta dyrka mark til andre føremål. Utmarksbeite, skog, myr og fjell er viktige for å takle framtidens klimaendringar. Dei bind mykje karbon, men dei er og viktig som t.d. flaumdempera. Nok attraktive friluftsområde for både innbyggjarar og turistar er viktig, og vi har og eit nasjonalt ansvar for å ta vare på ulike naturtypar. Dette samsvarar og med regionalplan for samordna arealbruk i Ryfylke. Samstundes er det ofte i desse områda det vert søkt om utbygging. Eventuelle omreguleringar vert konsekvensutgreia, men i kommuneplanen må ein og ha ei bevisst haldning til kor store områder ein nyttar til ulike formål.

Suldal kommune har eit mål om ledige bustadtomter i alle grender. Nye område for konsentrert bustadbygging bør ligge sentrumsnært, i gå/sykkel avstand frå skule/butikk. Samstundes er Suldal ein langstrakt kommune. Skal ein halde oppe busetnaden i utkantane må ein i Suldal framleis vere open for noko spreidd bustadbygging.

Suldal kommune har ca. 2000 fritidsbustader. Fleire peikar på at ein må opne opp for fleire i kommande plan. Her må ein i arealstrategien ha ei bevisst haldning til kor mange fritidsbustader ein vil legge til rette for. Kommunen bør m.a. sjå til at infrastrukturen i området (veg, vann, kloakk, m.m.) toler den utbygginga som kjem. Ein må og vurdere kor mange hyttegjester kommunen sin beredskap kan handtere. Bør ein ta ut nokon av dei 900 ledige hyttetomtene ein har før ein kan tillate nye? Arealstrategien for hyttebygging bør utarbeidast før ein ser på dei konkrete forslaga som kjem inn. Her kan ein da legge inn vilkår for planlegging av nye område. Døme på vilkår kan vere: «ingen nye hyttefelt over tregrensa, ingen nye hyttefelt i myr, ingen nye hyttefelt i 100m belte til sjø m.m.»

Når det gjeld næringsareal vil kommunen m.a. sjå om ein kan nytte eksisterande næringsareal på ein betre måte. Samstundes veit ein at i kommande periode blir fleire store saker om omregulering til næring som vil få store arealkonsekvensar. Dette er saker som vil krevje eigne utgreiingar.

Kommunen skal ha ei bevisst halding til bruk av omsynssoner (t.d. flaum, ras, kvikkleire, stormflo,, tryggleikssoner, kulturminne m.m.) i arealdelen av kommuneplanen og ikkje tillate nye utbyggingar innan desse områda.

## Behov for utgreiingar

Det vil kome fleire behov for utgreiingar under det vidare arbeidet med kommuneplanen. Alle forslag til endra arealdisponeringar i kommuneplanen må ha ei konsekvensutgreiing. Viktige miljø- og samfunnsverdier i dei eventuelle utbyggingsområda må kartleggast og ein må vurdere kva verknad utbygginga kan få for desse verdiane. Avbøtande tiltak skal og vurderast.

Desse tema skal vurderast i konsekvensutgreiing av arealinnspel:

- Natur-, landbruk-, kultur- og friluftsliv: det skal vere ei eiga utgreiing for kva konsekvensar arealendringa vil ha å si for kvar av desse punkta
- Klima:- endra arealføremål kan få klimakonsekvensar.
- Miljø:- endring i arealføremål kan forårsake støy, støv, forureining m.m.
- Strandsona: - kva vil ei endring ha å seie for ålment si tigong til strandsona
- Barn og unge sine oppvekstvilkår:- leikeplassar, friområde, skuleveg m.m.
- Infrastruktur:- vil arealendringa verke inn på infrastrukturen i området? T.d. må den byggjast ut for å tole auka bruk?
- Helse:- arealdisponering si påverknad på folkehelse skal vurderast
- Økonomiske konsekvensar:- fører arealendringa til auka kostnader for kommunen?
- Samsvarer arealendringa med arealstrategien i kommuneplanen
- Risiko og sårbarheit (ROS- analysar) Viktige tema er t.d. ras , flaum, overvatn, ulykker, forureina grunn, utrygg byggegrunn

Kommunen veit det vil komme/er komme 4 store arealinnspel. Desse vil krevje konsekvensutgreiingar på eit djupare og grundigare nivå enn det som er vanleg ved mindre endringar i kommuneplanen.

Norsk Stein AS på Berakvam har signalisert ynskje om ei omfattande utviding av drifta. Dei har signalisert ynskje om ei utviding mot Romsbotn som vil krevje store areal. Drifta og ei eventuell utviding er ei arealdisponering som vil få konsekvensar for både naturmangfaldet og ikkje minst dei som bur og ferierer i området. Dette vil krevje fleire konsekvensutredningar m.a. på arealbruk, biologisk mangfald og folkehelse.

Innspela frå WindWorks Jelsa AS, Gen2Energy og Indre Åsarøy Gård er og prosjekter som vil krevje grundige konsekvensutgreiingar.

Arbeidet med å rullere ROS – analysane (risiko- og sårbarheitsanalyser) i kommunen er no inne i slutfasen. Desse vil danne grunnlaget når ein skal utarbeide strategiar for samfunnsstryggleiken i kommunen. Dei vil og vere eit viktig grunnlag i arealdelen av kommuneplanen, m.a. for å få inn omsynssoner for t.d. stormflo, ras, flaumsoner m.m.

## 4. Kommuneplanens arealdel

Kommunen sin arealdel fastset rammer for utbygging og vern av areal i kommunen. Kommunen sin arealdel skal omfatte plankart og føresegner. Plankartet skal vise arealformål og omsynssoner, samt kommunedelplanar og reguleringsplanar.

Føresegnene i arealdelen må gjennomarbeidast så ein får eit klarare styringsverktøy i byggesaker.

### Utfordring:

- Halde arealdelen innanfor rammene av arealstrategien
- Klargjere og presisere føresegnene i arealdelen

### Bustadareal.

Det er viktig for Suldal kommune å ha attraktive plassar å busette seg for dei som ynskjer å etablere seg. Konsentrert bustadbygging skal i hovudsak skje i kring tettstader og knutepunkt.

På Sand er det ledig areal avsett til bustadbygging. Treng ein meir areal her bør ein sjå på høve til fortetting. Det har dei seinare åra vore mindre etterspurnad etter einebustader og større etterspurnad etter mindre husvære på Sand. Ein meir kompakt tettstad er og meir miljøvennleg og kostnadseffektiv for kommunen.

På Suldalsosen vil den nye utbygginga av Brakåsen/Klypetjønn dekke behovet for bustadtomter i lang tid. Her kan det og vere aktuelt å leggja til rette for meir konsentrert bustadbygging nær sentrum.

Det er ledige kommunale bustadtomter i alle grendene, men på Nesflaten bør ein sjå etter eigna område for nye. I mange grender er det i tillegg til dei kommunale tomtene avsett område for spreidd bustadbygging. Suldal kommune har eit mål om aktivt liv i alle grendene i kommunen. Kommunen er ein landbrukskommune og ein treng folk til å dyrke jorda og skjøtte kulturlandskapet. Det er derfor viktig for kommunen at det og er attraktivt å busetja seg rundt dei mindre grendesentra.

### Utfordring:

- Sjå på områda for spreidd bustadbygging i grendene, ligg dei rett plassert, treng ein nye?

### Fritidsbustader:

Suldal kommune har i dag ca. 1870 fritidsbustader, og det vert bygt ca. 30 nye pr år. I tillegg er det vedteke reguleringsplanar med 960 ledige hyttetomter. Utfordringa er at mange av desse reguleringsplanane er gamle og fleire av planane er ikkje realisert i det heile.

Hytteinnbyggerane, hyttesuldølene, er ein ressurs for Suldal kommune. Samstundes må ein passe på at infrastruktur og tenestetilbod toler den auka folkemengda i helgar og feriar. Skal ein auke mengda

med hytter vil det planmessig vera best med ei fortetting i allereie etablerte område. Da bevarer ein tur og rekreasjonsområde, skånar urørt natur, og ein kan nytte allereie utbygd infrastruktur.

I førre planperiode var ein restriktiv med å opna for nye område for hyttebygging og ein vil derfor i denne perioden opne opp for innspel til nye område. Samstundes vil ein vurdere å ta ut eksisterande reguleringsplanar som ikkje er realiserte.

Når nye innspel til hytteutbygging skal vurderast vil ein ikkje opne for hytteområde over skoggrensa eller innanfor dei ulike verneområda i kommunen. Nye hytteområde skal heller ikkje leggest i Nasjonalt villreinområde og ein vil være restriktiv med å opne for bygging i omsynsone villrein (Heiplanen). Det er og sterke nasjonale signal på at ein må unngå utbygging av myr på grunn av utslepp av CO<sub>2</sub>.

Kystsona i Suldal er pressa og det ligg allereie inne fleire hundre urealiserte hyttetomter langs sjøen. Her bør ein derfor først realisere nokon av desse, eventuelt få til ei fortetting i eksisterande planar, før ein planlegg utbygging av nye områder.

#### Utfordring:

- Rydde opp i gamle reguleringsplanar som ikkje er realisert/utdaterte

## Næringsareal

Ny reguleringsplan for næringsareal ved Tysingvatnet (Jelsa) er vedtatt. Nytt næringsareal nær Sand er ei utfordring då det er lite eigna areal tilgjengeleg. Dette er ei problemstilling som må greiast ut nærare. Det er viktig å ha tilgjengeleg næringsareal skal ein sikre nyetableringar. Ein må og vurdere eksisterande næringsareal og sjå om det er mogleg å fortette, eventuelt utvida desse. Det er komen inn innspel om at næringsareal med tilgang til kai og sjø er viktig. Strandsona i Suldal er allereie pressa på dei mest eigna områda, men ein må her sjå om det er gamle næringsareal/kaianlegg som kan nyttast betre.

I dei fleste område for spreidd bygging er det opna for bygging av næringsbygg. Dette bør ein sjå nærare på om det kan nyttast meir. Ofte er det vanskeleg å seia på førehand kva etableringar som kan vere aktuell og kor den beste lokaliseringa da er.

Norsk Stein er ein av dei største bedriftene i Suldal. Dei har signalisert behov for ei utviding av noverande drift og areal. Dette er ei stor og omfattande sak. Før ein kan ta ei avgjerd her må det til ei konsekvensutgreiing på kva innverknad det får på biologisk mangfald, samfunnstryggleik, skogbruk, landbruk, støv, støy og påverknad for nærliggjande bustader og hytter. De er komen inn mange innspel og protester frå bekymra naboar. Norsk Stein vil kome med eit konkret innspel i løpet av våren.

Ein har fått tre konkrete innspel til næringsetablering for denne planperioden. Det er WindWorks Jelsa som ser på moglegheitene for storskalaproduksjon av havvindmøller i steinbrotet på Berakvam. Det er Gen2 Energy som sonderer moglegheitene om å nytte tønnefabrikken på Jelsa til produksjon av grøn hydrogen, og det er Indre Åsarøy Gård som ynskjer å sjå på moglegheitene for steinbrot i Sauaskolten. Alle tre er på ulike vis store etableringar som vil ha mykje å si for både naturmangfald,

samfunnstryggleik og ikkje minst for både fastbuande og hyttefolk i området. Alle tre krev derfor nærare utgreiingar før ein kan ta stilling til om det er etableringar kommunen ynskjer.

#### Utfordring:

- Finne eigna område til næringsareal nært Sand sentrum
- Vidareføre/opna for spreidd næringsbygging
- Konsekvensutgreiingar på Norsk Stein si utviding av verksemda på Berakvam
- Konsekvensutgreiingar på innspela frå WindWorks Jelsa, Gen2 Energy og Indre Åsarøy Gård
- Fortetting/utviding av eksisterande næringsareal

## Kyst og sjø



#### Kystsoneanalyse:

Suldal kommune laga kystsoneanalyse i 2013. Denne bør brukast som eit kunnskapsgrunnlag for vidare planlegging i kystsona. I tillegg styres utviklinga langs kysten av «Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen».

Sjøareala i Suldal er godt utnytta og det kan vere vanskeleg å finne rom for nye arealdisponeringar.

Kystverket minner om å få med skipstrafikk under arealformål ( gjerne kombinert med arealformål fiske).

Stavanger Maritime museum minner å ta inn automatisk freda kulturminne og verna skipsfunn på lik linje med automatisk freda kulturminne på land.

Fiskeridirektoratet minner om å få med viktige fiske- og gytefelt, nye eigna akvakulturlokalteter, og marine naturtypar må sikrast. Viktig at arealforvaltninga i kyststrok er forutsigbar, og at det vert ei fornuftig balanse mellom bruk og vern.

#### Småbåthamner:

Det er i noverande kommuneplan lagt inn større småbåtanlegg på Hebnes, Suldalseid, Sand, Jelsavågen, Foreneset, Erøy og Drarvik. På Sand er etterspurnaden stor. Det er og fremja ynskje om småbåthamn i Vanvik. For Suldal som reiselivskommune er det og viktig at ein og tenkjer gjesteplassar når ein etablerer nye båtanlegg. Statsforvaltaren meiner det positivt å samle båtplassar i så stor grad som mogleg.

#### Oppdrett, laksefjord:

Sandsfjorden har restriksjonar knytt til at det er ein nasjonal laksefjord. I resten av sjøarealet har gjeldande plan stor fleksibilitet når det gjeld etablering av t.d. nye oppdrettsanlegg. Ein bør likevel ha ein gjennomgang for å sjå etter nye bruksområde. Fylkeskommunen inviterer kommunane til felles kartlegging med føremål å finna nye areal som kan nyttast til næring. Her er Suldal med.



#### Utfordring:

- Handheva byggeforbodet i 100 meters beltet på ein måte som fremjar ønska etableringar men samstundes tek vare på ålmentas tilgang til strandsona
- Auka kapasiteten på båtplassar i Sand sentrum
- Finne nye sjøareal som kan nyttast til næring

## Grønt og verneområde

Det er lagt inn eit grøntdrag for tursti Sand- Suldalsosen i noverande kommuneplan. Denne bør vidareførast og det bør vurderast om slike er aktuelle andre plassar i kommunen. Tilrettelagde turområde nær der folk bur er eit viktig folkehelseiltak.



Sti og løypeplan bør følgja ny kommuneplan som eit temakart. Ein bør her legge vekt på turstiar i nærområde til tettstadane i kommunen. Samstundes er høgheio viktig både for fastbuande, turistar og villrein. Sti og løypeplanen må derfor og omfatte kva utvikling ein vil ha her. Stiar tilrettelagt for terrengsyklar er etterspurd, og bør vurderast.

Suldal kommune har to store landskapsvernområde, Dyraheio og Kvanndalen landskapsvernområde, som vert forvalta gjennom SVR. Verneforskriftene og

Heiplanen sett rammer for kva som er tillat innan for desse områda. Suldal kommune vil fortsetja å forhalda seg til seg til Heiplanen når det gjeld utvikling av heio, og nasjonalt villreinområde og omsynssone villrein skal ligge inne i arealdelen av kommuneplanen. Villreinområde Skaulen Etnefjell blir tatt med i planen.

Suldal har 11 naturreservat. Desse vert forvalta lokalt av kommunen og har eigne verneføresegner.

#### Utfordring:

- Sikre og halde ved like tilgjengelege sentrum/tettstadnære turstiar for å fremje trivsel og folkehelse
- Finne balansen mellom tilrettelegging for friluftsliv og omsyn til villrein i høgheio
- God lokal forvaltning av verneområda i kommunen

## 5. Planprosessen

### Organisering:

**Oppdragsgivar:** Kommunestyret – delegerer arbeidet til Formannskapet og LMT-utvalet

**Styringsgruppe:** Formannskapet- ansvar for samfunnsdelen av kommuneplanen

LMT -utvalet – ansvar for arealdelen av kommuneplanen

**Referansegruppe:** Leiarforum

**Sekretariat:** Kommunalsjef m/arbeidsgruppe frå Bygdeutvikling (leiar bygdeutvikling, plan- og miljørådgjevar, arealplanleggjar og GIS ansvarleg)

### Framdrift:

Aktivitet	Tidsrom
Forslag til planprogram til politisk handsaming	LMT 24 nov 2020 Kommunestyret 15 des 2020
Høyringsperiode	Jan-feb 2021
Fastsetting av planprogram	Feb 2021
Utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel	Vår 2021
Utarbeiding av kommuneplanens arealdel	Vår/Haust 2021
Utkast til ny kommuneplan på høyring	Haust 2021
Endeleg vedtak av ny kommuneplan	Vinter 2022

Ein vil gjennom annonsering i Suldalsposten, kommunens nettside og sosiale media, invitere til å kome med konkrete innspel til arealdelen av kommuneplanen våren 2021. Dei innspela som alt er komen inn vil bli tatt med vidare i prosessen.

### Medverknad:

Medverknad både internt og eksternt er viktig for å få med alle behov og idear for ei god utvikling av Suldals samfunnet framover. Alle enkeltpersonar, lag, foreiningar, organisasjonar, politikarar og næringslivet er velkomen til å delta i prosessen. Utfordringa blir å få flest mogleg til å komme med innspel, og sikre at ulike grupper vert representert og høyrte.

Koronapandemien, og utviklinga av denne, vil påverke kva former for medverknad ein kan ha. I Suldal har det vore tradisjon for opne folkemøte i alle grendene. Her må ein tenkja nytt og leggja opp til medverknad i mindre grupper.

Følgande former for medverknad er aktuell:

- Informasjon om kommuneplanarbeidet gjennom Suldalsposten, Suldal kommune si nettside og i sosiale media, med oppfordring til å komme med innspel
- Møte med eldrerådet, Ungdomsrådet og Rådet for personar med funksjonshemming
- Møte med grendeutvala
- Invitere til informasjonsmøte og/eller arbeidsmøte i mindre grupper om utvalde tema med t.d. organisasjonar, interessentar, foreiningar, og liknande
- Regionalt planforum
- Idéverkstad i skulane
- Interne møter i leiargruppene
- God kommunikasjon/samarbeid politikarar og administrasjon
- Folkemøte i 7 grender om dette let seg gjera i høve korona-situasjonen

Medverknad som er gjennomført:

- Innspel frå Rådmannen si leiargruppe om prioriterte utfordringar i komande planperiode
- Utfordringar som skal jobbast vidare med prioritert av Formannskapet